

Østfold fylkeskommune

Postboks 220

1702 SARPSBORG

Sakshandsamar: Gunnar Urtegaard
Direkte tlf.: 23 11 75 00

Vår ref.: 08/106-
Dykkar ref.:

Vår dato: 03.04.2008
Dykkar dato:

Styrking av regionalt ABM-samarbeid om teknologi og formidling

Bakgrunn.

Statsråd Trond Giske sa for kort tid sidan at stortingsmeldinga om digitalisering av kulturarven kjem i juni 2008. Meldinga vil leggja grunnen for satsing på digitalisering, digitalt innhald og digitale tenester frå ABM-institusjonane og ut til brukarane. Meldinga om biblioteka kjem og i juni.

I møte 5. juni 2007 gjorde styret for ABM-utvikling slikt vedtak.

Styret ønsker sterkere initiativ for å satse på regional ABM-utvikling og ber om at det nedsettes en arbeidsgruppe for å utvikle et program for regionalt ABM-samarbeid om IKT og infrastruktur. Det reserveres 1 mill. kr. på budsjettet for 2008 til en slik satsing.

Økonomisk støtte til 2-3 fylke

Dette brevet går til alle fylkeskommunane. ABM-utvikling ynskjer no å invitera 2-3 fylke til eit tett samarbeid for å utvikla gode regionale handlingsplanar for ABM-samarbeid og nettbasert formidling. Dei som ynskjer å ta del i slikt samarbeid, sender søknad til ABM-utvikling innan 1. juni 2008. ABM-utvikling vil så innan 15. juni avgjera kva fylke det vert laga avtalar med. Summen på 1 million kroner vil så verta delt mellom desse 2-3 om interessa og søknadane er gode.

Midlane skal gå til å utvikla ein handlingsplan i kvart fylke og kan nyttast til løn til prosjektleiing, frikjøp av kompetanse, til samlingar og konferansar, til kurs/opplæring, utarbeiding og trykking av planar med meir. ABM-utvikling trur det er viktig at fagfolk i ABM-institusjonane eller i fylkeskommunen i stor grad utfører arbeidet. Dei kjenner lokale og regionale tilhøve. Gjennom dette arbeidet kan dei få tid og høve til å gå djupare inn i dette stoffet. Slik vil ein vonleg byggja nyttig lokal og regional kompetanse gjennom dette planarbeidet.

I eit vedlagt notat er det sagt litt meir om kva slike planar bør omfatta. Fylka står fritt til å tilpassa slik det høver best. Planane skal utarbeidast i eit samarbeid mellom fylkeskommunen, ABM-institusjonane, viktige brukargrupper, kommunane og andre relevante partar. Arbeidet

skal munna ut i ferdig plan og den bør helst vera klar før utgangen av året. ABM-utvikling vil ha tett kontakt med kvart fylke.

Samarbeid med mange.

For å løysa desse alle oppgåvene må det etablerast samarbeid. Det kan vera eigarkommunar, fylkeskommunen, regionale kulturnett, samarbeid mellom ABM-institusjonar, med nasjonale institusjonar som ABM-utvikling med meir.

Det må og utviklast planar for kvar institusjon. Dette arbeidet vil henga nært saman med det arbeidet ABM-utvikling og gjer på nasjonalt plan for å etablera fellesløysingar og felles søke og – og distribusjonsløysingar. Nett desse fellesløysingane trur me vil verta svært viktige i det lokale og regionale arbeidet og i institusjonane. Dei vil gjera det lettare å produsera innhald og få dette fram til brukarane gjennom eigne institusjonar, gjennom kommunale heimesider, gjennom regionale kulturnett og slik byggja gode lokale og regionale tenester.

ABM-utvikling støtta dei 3 siste åra eit større prosjekt på dette feltet i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane fylkeskom- og kunnskapsformidling. Rapportane frå dette arbeidet ligg no føre og vil verta sende til alle fylka om lag når dette brevet går ut frå ABM-utvikling. Her kan det vera idear og tankar som kan vera til nytte i arbeidet.

ABM-utvikling stiller ikkje krav om kva som skal skje etter at handlingsplanane er ferdige. Me kan heller ikkje lova løyvingar til vidare arbeidet. Men det er klart at fylke som har gjort eit slik arbeid vil stå betre rusta til å nytta godt av tiltak og ressursar som me reknar med vil verta stilte til rådvelde framover.

Ynskjer å vitja alle fylka

Gunnar Urtegaard, ny avdelingsdirektør for avdeling for digitalt ABM, ynskjer å vitja alle fylka i landet for å snakka med leiinga i fylkeskommunane og ABM-institusjonane om det som skjer framover når det gjeld digitale satsingar, regionale kulturnett, nettbaserte tenester frå ABM-institusjonane og mogeleg samarbeid mellom fylka og ABM-utvikling. Me ser svært gjerne at fylke som ynskjer slik vitjing tek kontakt så snart råd er. Kanskje det er samlingar, møte, konferansar eller liknande høve der dette kunne passa inn.

Med venleg helsing

Leikny Haga Indergaard
direktør

Gunnar Urtegaard
avdelingsdirektør

Regionale handlingsplanar for ABM-samarbeid om nettbasert kultur - og kunnskapsformidling.

Det er viktig at fylka og dei lokale og regionale ABM-institusjonane på best mogeleg vis kan vera i stand til å ta opp arbeidet med digitalisering og digitale tenester. Dette er og omtala i ABM-skrift#32: Kulturarven til alle (2006).

Auka satsing på digitalt innhald og digitale tenester er ikkje eit spørsmål om utstyr til skanning. Det er det og, men det og så mykje meir.

Det føreset opplæring og kompetanse, kartlegging av digitale data og planar, at institusjonane får tilgang til ein robust teknologisk infrastruktur, gode produksjonsløyper, trygg lagring av digitale data, databaser for registrering av metadata, søketenester slik at brukarane finn fram, tilpassa brukargrensesnitt, interaktive løysingar slik at brukarane kan ha ein dialog og leggja inn spørsmål med meir. Dette fører og til at institusjonane må styrka den digitale kompetansen.

Hovudpunkt i ein slik plan kan vera.

1. Mål for arbeidet, kva ynskjer ein å oppnå når det gjeld tenester og tilbod på mellomlang sikt, t.d. 2014.
2. Kva er stoda i fylket, i institusjonane, kva er gjort, planar med meir.
3. Kva finst av digitale katalogar og digitalt innhald (foto, dokument, gjenstandar, litteratur, anna i dei ulike institusjonane).
4. Digitalt infrastruktur som nettverk, breiband, maskinvare, databasar, samarbeid med andre
5. Kompetanse, opplæring, korleis styrka dette.
6. Produksjon av digitale data i institusjonane. Planar for dette, korleis kan ein få til effektiv og rask digitalisering av dokument, foto, gjenstandar, lyd, film, video. Kva treng ein av utstyr, kompetanse, lagringsløysingar med meir og kva vil dette kosta.
7. Distribusjon av digitalt innhald. Korleis skal ein få det digitale innhaldet ut til brukarane, kven kan ein samarbeida med. Kvar skal brukarane finna dette og korleis kan dette tilfanget best formidlast saman med anna kulturstoff.
8. Korleis formidla forhistorie, eldre historie, kulturminne, aktuelt tilfang i institusjonar utanfor fylket som ein del av eit samla tilbod?
9. Regionale kulturnett sin rolle i dette. I dei fleste fylka finst det i dag regionale kulturnett. ABM-utvikling ynskjer at desse i sterkare grad også skal formidla digitalt innhald og tenester frå ABM-institusjonane og slik kunne utvikla seg til å verta regionalt forma og tilpassa ABM – portalar og kulturnett i same løysinga.
10. For å nå fram til brukarane må mykje av stoffet leggjast betre til rette gjennom artiklar, utstillingar, undervisningsopplegg med meir. Erfaring viser at dette kastar mykje av seg og styrkjer samarbeid mellom ABM-institusjonane og t.d. skuleverket og reiselivet. I dette arbeidet bør ein dra inn brukargruppene og høyra kva dei kan tenkja seg.
11. Organisering og ansvar framover, ABM-samarbeid, anna samarbeid med brukargrupper med meir.
12. Ressursar og andre førsetnader.

13. Stegvis realisering av visjonane og måla i punkt 1. fram mot 2014 då Noreg kan feira 200 år.

Kva kan ein oppnå ?

Det er viktig å setja brukarane og tenestene i fokus. Lat oss illustrera dette med eit lite døme. Mange kulturinstitusjonar minner litt om isfjell. Me kan sjå føre oss eit vanleg bygdemuseum eller regionalt museum. Museet vart kanskje skipa i 1920, og har samla bygningar, gjenstandar, foto, bøker og anna tilfang i kring 90 år. Samlingane inneheld no 20 bygningar, 15.000 gjenstandar, 25.000 eldre foto, 100 timar lydbandopptak med eldre folk, litt gamal film og ein del nyare video. Dei har fleire interessante brevsamlingar og ein del privatarkiv. I alt utgjer arkivtilfanget kring 5000 dokumentsider. Museet har og eit verdfullt bibliotek med kring 8.000 titlar. Her er mykje som ikkje finst i andre bibliotek. Museet har fylgjande tilbod frå desse samlingane. Dei som vitjar institusjonen, kan sjå alle bygningane med gjenstandar og utstyr. I utstillingane vil dei finna kring 1500 av i alt 15.000 gjenstandar. 300 bilete frå den store fotosamlinga er nytta i utstillingane. Under 10 % av det museet har samla inn gjennom 90 år vert vist fram og er tilgjengeleg. I realiteten er dette museet som eit isfjell. 10 % av samlingane er synlege og 90 % ligg under overflata. For mange ABM-insitusjonar utover landet er stoda nettopp slik. Dømet vårt kunne og vore henta frå eit arkiv. Nokre bibliotek har liknande utfordringar. Ny teknologi opnar for at me no kan endra dette. Gevinstane ved målretta satsing er svært store og ein hentar ut ein omfattande meirgevinst frå det arbeidet institusjonane driv.

Institusjonen i dømet vårt bør:

- Få på plass ajourførte, digitale katalogar over alt dei har av gjenstandar, foto, arkivtilfang, bibliotek, lyd og film.
- Laga digitale kopiar av alt dette materialet og kopla desse kopiane opp mot katalogopplysningane
- Gjera katalogar og digitale kopiar søkbare på Internett slik at folk i eigarkommunane, skuleelevar med meir kan sjå foto av alle dei 15.000 gjenstandane, sjå alle dei 25. 000 bileta, lytta på alle dei 100 timane med opptak, sjå alle dei 5000 dokumentsidene og bla i katalogen med alle dei 8000 titlane.

Me ser og at skal ein løysa oppgåvene i modellinstitusjonen vår på ein god måte, må ein ha tilgang til fagkompetanse på alle tre områda: arkiv, bibliotek og museum.



Barn i lek, fotografert i 1939 av fotograf Schrøder. Biletet høyrer til den felles samlingsdatabasen som er etablert for musea i Trøndelag. Dette biletet tilhøyrer Trøndelag Folkemuseum. Musea i Trøndelag har gått saman om fellesløysingar og nett det er vegen å gå i slikt arbeid.

Røynslene frå fleire stader her i landet og frå utlandet syner klårt at når ABM-institusjonane får innhald og tenester ut på nettet så oppstår det ein ny situasjon. Nye brukarar kjem til. Nye kontaktar vert knytte mellom institusjonane og publikum. Reiselivet og skuleverket melder seg og ser at her er det spanande område for samarbeid. Dette styrkjer institusjonane og gjer det lettare for dei å utføra sitt samfunnsoppdrag på nye og betre måtar.

Gunnar Urtegaard